

**SAKSFRAMLEGG**

Sakshandsamar: Hilde-Lill Våge	Arkivkode: FA-U64, TI-&40
Arkivsaksnr: 19/662	Løpenr: 19/8072
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	14.11.2019	038/2019
Kommunestyret	05.12.2019	082/2019

**Ingeniørhytta ved Svartavatnet
Overtaking og vidareutvikling****05.12.2019 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Formannskapet si tilråding vart vedteke med 20 mot 1 røyst. Jon Magne Bøgevik (Ap) røysta imot.

KS- 082/2019 Vedtak:

Rådmannen får mandat til å gå i dialog med grunneigarane og BKK om Ingeniørhytta si framtid.

Formannskapet vert styringsgruppe for prosjektet.

I forprosjektet vert det viktig å få avklara;

- Er hytta eit reiselivsmål og kva potensiale har den ?
- Nødvendige tiltak for hytta ?
- Investeringsbehov og finansiering ?
- Framtidig eigarskap ?
- Bruk av veggen og finansieringsløysingar for ålmenta sin bruk ?
- Samarbeid med Kvam og «raude hytta» ?

14.11.2019 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med åtte mot ei røyst. Jon Magne Bøgevik (Ap) røysta imot.

FORM- 038/2019 Vedtak:

Rådmannen får mandat til å gå i dialog med grunneigarane og BKK om Ingeniørhytta si framtid.

Formannskapet vert styringsgruppe for prosjektet.

I forprosjektet vert det viktig å få avklara;

- Er hytta eit reiselivsmål og kva potensiale har den ?
- Nødvendige tiltak for hytta ?
- Investeringsbehov og finansiering ?

- Framtidig eigarskap ?
- Bruk av vegen og finansieringsløysingar for ålmenta sin bruk ?
- Samarbeid med Kvam og «raude hytta» ?

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen får mandat til å gå i dialog med grunneigarane og BKK om Ingeniørhytta si framtid.

Formannskapet vert styringsgruppe for prosjektet.

I forprosjektet vert det viktig å få avklara;

- Er hytta eit reiselivsmål og kva potensiale har den ?
- Nødvendige tiltak for hytta ?
- Investeringsbehov og finansiering ?
- Framtidig eigarskap ?
- Bruk av vegen og finansieringsløysingar for ålmenta sin bruk ?
- Samarbeid med Kvam og «raude hytta» ?

Dokument som er vedlagt:

«Ingeniørhytta» ein internasjonalt turistmagnet

Kva saka gjeld: Forprosjekt – utvikling av Ingeniørhytta og tilgang til denne.

Bakgrunn for saka: Samnanger kommune er blitt kontakta av BKK, som ønskjer å overføre Ingeniørhytta til grunneigarane eller ev kommunen. Kommunen hadde saman med BKK, grunneigarane og fylkeskommunen eit møte 21 mai i år. I møtet vart det lufta ulike tankar og idear og framtidig samarbeid for å bevare hytta. Det vart og drøfta moglegheita for ålmenta å kome fram med bil til hytta. Pr. i dag er vegen strengt med bom.

Hytta ligg spektakulært til oppe på demningen til Svartavatnet. Den har ei unik og viktig historie for Samnanger og kan verte ein spennande reiselivsdestinasjon og friluftsaktraktivitet.



Vurderingar og konsekvensar: Ingeniørhytta har ei interessant historie som kan koplast til krafthistoria til Ytre-Tysse og utbygginga av naturressursane i Samnanger. Fylkeskommunen er svært positiv til ei restaurering og bevaring av hytta. Ei føresetnad for hytta som framtidig reiselivprodukt vil vera å gjera vegen som i dag er regulert av grunneigarane open for ålmenta. Sidan dette er privat veg kan den dette gjennomførast med ulike alternativ og bomfinansiering. Viktigaste er at det vert høve til å køyre vegen for dei som er villig til å betale ei avgift for dette.

Grunneigarar til «raude hytta» på Kvamasida har vore i dialog med Samnanger kommune, og er interessert i samarbeid. Dei har fått same tilbod frå BKK om å overta «raude hytta» og står i same situasjon om kva dei gjer med si hytta. Begge hyttene kan verta interessant å sjå i samanheng og særskilt ved behov for større grupper med overnattingssbehov.

Kommune si rolle no i første omgang vil vera å avklara eit samarbeid med grunneigarane om hytta si framtid. Det kan gje moglegheita for at det vil krystallisera seg eit framtidig prosjekt. For å jobba vidare med hytta treng vi mandat for å kunne gå i dialog med grunneigarane og BKK. Eininga samfunnsutvikling følgjer opp prosjektet i tett dialog med kulturavdelinga og

fylkeskommunen.

I første omgang er det å få avklart;

- Er hytta eit reiselivsmål og har den potensiale ?
- Nødvendige tiltak for hytta ?
- Investeringsbehov og finansiering ?
- Framtidig eigarskap ?
- Bruk av vegen og finansieringsløysingar for ålmenta si bruk ?
- Samarbeid med Kvam og «raude hytta» ?